



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 10

(2001-2002)

Teknologirådet

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 8. mars
2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Opprettinga av Teknologirådet

Teknologirådet blei oppretta ved kgl. res. 30. april 1999. Resolusjonen blei lagt fram av kyrkje-, utdannings- og forskningsministeren. I samme statsråd blei vedtektene for Teknologirådet fastsett. I samband med revidert budsjett for 2000 blei ansvaret for rådet overført frå Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet den 1. juli 2000, jf. St.prp. nr. 61 for 1999-2000.

Grunngjevinga for å overføre ansvaret til Nærings- og handelsdepartementet var m.a. at ansvaret for regjeringa si IT-politikk og den næringsretta forskningspolitikken allereie låg i dette departementet. Overføringa førte med seg ein gjennomgang av rådet sine oppgåver og mandat. I St.prp. nr. 1 (2000-2001) skreiv Nærings- og handelsdepartementet at ein «ønsker å styrke sammensetningen av Teknologirådet slik at de muligheter som ny teknologi og bruken av denne innebærer for samfunnet, kan fokuseres i sterkere grad. Departementet ønsket samstundes en presisering av rådet sine vedtekter.»

Dei nye vedtektene blei fastsett ved kgl. res. 17. november 2000. Endringane gjeld i hovudsak:

1. Teknologirådet skal auke fokuseringa på dei moglegheitene teknologien inneber. Vedtektene av 30. april 1999 nógde seg med å fastslå at «Rådet skal vurdere den teknologiske utvikling på alle samfunnsområder og fremme en offentlig teknologidebatt.» Kjernepunktet i dei nye vedtektene er at Teknologirådet frå no av skal «ta stilling til teknologiutfordringene og de muligheter som ligger i ny teknologi på alle samfunnsområder, samt fremme en offentlig teknologidebatt og komme med forslag til tiltak» (§ 1).
2. Når det gjeld oppgåvene, seier dei nye vedtektene at rådet skal halde seg «oppdatert på hva som foregår innen teknologivurdering og teknisk fram-syn internasjonalt» (§ 2). Denne tilføyinga har sin bakgrunn i at det i dag ikkje fins noko miljø i Noreg som aktivt følgjer med når det gjeld andre land sine rapportar om «technological foresight».
3. Dei nye vedtektene aukar mengda av rådsmedlemmer frå 10 til 15. Ordninga med 2 varamedlemmer oppretthaldast. Sidan relativt få teknologar hadde fått plass i det opprinnelege styret, har det vore Nærings- og handelsdepartementet si meining i første rekke å prioritere denne gruppa når nye medlemmer skal oppnemnast. Likevel skal lekmannsrepresentasjonen oppretthaldast. Sitjande rådsmedlemmer som ønsker det, skal få halde fram i det minste oppnemningstida ut.
4. Dei gamle vedtektene gav Norges forskningsråd det administrative ansvaret for sekretariatsfunksjonen. Da Regjeringa ønskte å flytte sekretariatet til Trondheim, var det naturleg å fjerne denne tilknytninga. Dei nye vedtektene nøyer seg med å presisere at «Teknologirådet skal ha et eget og uavhengig sekretariat» (§ 4). Denne endringa gjer det framleis mogleg for Norges forskningsråd å halde fram som ansvarleg arbeidsgjevar for sekretariatet, noe departementet mellombels ynskjer og Forskningsrådet har godteke.

Dei nye vedtektene inneheld ikkje noe om lokaliseringa til Teknologirådet. Men i framlegget til statsråd den 17. november 2000 foreslo regjeringa at rådet skulle flyttast frå Oslo til Trondheim.

Nærings- og handelsdepartementet har hatt tett kontakt med så vel Teknologirådet som Norges forskningsråd under heile prosessen med utarbeidinga av dei nye vedtektene. I samsvar med ordlyden i vedtektene fekk Teknologirådet utkastet til vedtektsendringar på høyring saman med brev frå departementet den 8. september 2000. Svaret frå Teknologirådet av 2. oktober 2000 inneheld ingen vesentlege innvendingar av konkret art, bortsett frå motstand mot planane om å flytte rådet til Trondheim. Med unntak av lokaliseringa blei Teknologirådet sine merknader godtekne. Teknologirådet, alle rådsmedlemmene og Norges forskningsråd er blitt tilsendt dei nye vedtektene av 17. november 2000. Teknologirådet har lagt dei nye vedtektene til grunn for verksemda si i 2001.

Da Stortinget ba Regjeringa om å leggje «spørsmålet om endringer av mandat, vedtekter og sekretariatsfunksjon frem for Stortinget som egen sak», sjå neste avsnitt, utsette Nærings- og handelsdepartementet iverksettinga av kgl. resolusjon av 17. november 2000.

Konklusjonane i denne melding har vore drøfta med formannen i Teknologirådet i januar 2002 som var nøgd med det som blir lagt fram her.

2 Stortinget

Under punkt 6 Merknader til budsjettkapitler på forskningsområdet i B.innst.S. nr. 12 (2000-2001) finn ein denne teksten om Teknologirådet:

«Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Arbeiderpartiet, viser til at Næringsdepartementet legger opp til å endre Teknologirådets arbeidsoppgaver og legge sekretariatsfunksjonen til Trondheim. Flertallet viser til at regjeringen Bondevik la opp til at Teknologirådet skulle samlokaliseres med sekretariatet for de forskningsetiske komiteene. Flertallet viser vidare til merknad i B.innst.S. nr. 12 (1998-99) der en samlet komité i forbindelse med utvidelse av informatikkbygget i Gaustadbekkdalen uttalte følgende: «Komiteen mener dette kan gi plass både for naudsynt ekspansjon for informatikkmiljøa ved Universitetet i Oslo og for det nyoppretta Teknologirådet samlokalisert med sekretariatet for dei forskningsetiske komiteane.»

Flertallet fremmer følgende utkast til vedtak:

«Stortinget ber Regjeringen om å legge spørsmålet om endringer av mandat, vedtekter og sekretariatsfunksjon for Teknologirådet frem som egen sak.» Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet har merket seg at Regjeringen gjennom en justering av vedtektene ønsker å markere at Teknologirådet også skal kunne profilere seg mer offensivt gjennom bl.a. å se på hvilke muligheter teknologien kan gi for å møte viktige samfunnsutfordringer, samtidig som det er viktig at Teknologirådet bevarer sin uavhengige status og ivaretar de etiske aspekter. Disse medlemmer mener at en sekretariatstilknnytning til de teknologiske miljøer i Trondheim vil kunne gi viktige synergier og styrke Teknologirådets arbeid på dette området.»

3 Lokalisering og bemanning av sekretariatet

Teknologirådet leier i dag lokaler i Prinsens gate. Her er det samlokalisert med Bioteknologinemda og dei forskningsetiske komiteane. Langt på veg har disse komiteane same arbeidsmåte og oppgåver. Dei har halde felles konferansar. I Oslo ligg òg dei institusjonane som Teknologirådet skal tene. Regjeringa kan ikkje sjå at det skulle være naudsynt å flytte Teknologirådet, og meiner at Teknologirådet helst bør bli verande i Oslo, slik også Norges forskningsråd og Teknologirådet sjølv har foreslått.

I samanheng med at ansvaret for Teknologirådet blei overført til Nærings- og handelsdepartementet, tok ein fatt på ei ny vurdering av rådet sine oppgåver. Derfor var det òg naturleg å stansa prosessen med å tilsette leiar for sekretariatet. Såleis har Teknologirådet i dag ingen fast tilsette, men leier sekretariatshjelp frå Bioteknologinemnda og dei forskningsetiske komiteane. Prosessen med å tilsetje sekretariatsleiar og sekretær kan byrje straks Stortinget har handsama denne meldinga.

4 Teknologivurdering og teknologisk framsyn

Teknologisk framsyn (technology foresight) kan definerast som eit systematisk forsøk på å studere framtida på lengre sikt når det gjeld forskning, teknologi, økonomi og samfunn. Hovudhensikta er å identifisere mogelege viktige teknologiar tidleg nok til å tilpasse både utviklinga og bruken av dei på ein god måte for samfunnet. Det er viktig både for styresmaktene, næringsliv og allmennheita at nye generiske teknologiar som vil kunne ha stor innverknad på samfunnet, økonomien og miljøet, blir identifisert så tidleg som mogeleg. Storbritannia, Nederland, Sverige, Finland, Tyskland, Australia, New Zealand og USA har vore aktive i dette arbeidet.

I samband med diskusjonen om Teknologirådet sine aktivitetar har spørsmålet om teknologisk framsyn kome opp. I Noreg har man ikkje gjennomført breie og systematiske foresight-utgreiingar, men satsa på studiar av enkelt næringer som det marine, IKT og bioteknologi. Sjølv om ein kan byggje på internasjonale metodar og resultat, vil økt fokus på foresight på sikt krevje auka ressursar. Vidare er det ikkje utan vidare klart kor ansvaret for ein slik aktivitet bør leggjast. I si evaluering av Norges forskningsråd rår Technopolis at Forskningsrådet bør få denne oppgåva. Departementet meiner at før ein avgjer kva for organisasjon som bør utføre slike studiar, kan ordninga som er skissert i vedtektsendringane av 17. november 2000, setjast i verk. Ein bør no hauste nærare erfaringar med denne ordninga, som innanfor dei vedtekne budsjettammer pålegg Teknologirådet å halde seg oppdatert på kva som skjer innan teknologivurdering og teknologisk framsyn internasjonalt.

5 Konklusjon

1. Regjeringen meiner at dei endringane som er blitt gjort i vedtektene, ikkje strider mot Stortinget sine føresetnader. Vedtektene av 17. november 2000 leggjast derfor til grunn for den vidare verksemda til Teknologirådet. Det inneber m.a. at Teknologirådet formelt gis eit større ansvar med omsyn til å setje i gang og delta i debatt om ny teknologi, at dei held seg oppdatert på teknologiske framsynsutgreiingar frå andre land og at styret utvidast med inntil fem personar med teknisk eller naturvitenskapleg bakgrunn. Økt fokus på framsynsutgreiingar må gjerast innanfor dei eksisterande budsjетtrammer.
2. Teknologirådet sitt sekretariat blir verande i Oslo.

Dei foreslåtte tiltaka i denne meldinga inneber ikkje følgjer for budsjettet.

Nærings- og handelsdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 8. mars 2002 om Teknologirådet blir send Stortinget.
